



På veg ut frå Beinavikjo.

Harald Sætre er i gong med arbeidet med ei ny bok om HSD-fartøy og rutene. Denne gongen skal det handla om båtane og båtutene. I denne boka vert også dei to stoppestadene her i bygda, Myklebust(Sandakaaien) og Uskedal(Beinavikjo) sentrale. Derfor håpar Sætre at det er lesarar som kan bidra med bilete frå desse to stoppestadene.

Uskedal var sentral stoppestad med aner heilt frå 1860-talet. Myklebust var også ein viktig stoppestad frå 1930-talet og fram til den siste lastebåten, MS Hardangerfjord, på 1990-talet.

Sætre er på jakt etter båtbilete, spesielt bilete frå kaimiljøet og aktiviteten i samband med at båtane var til kai. Han syns det hadde vore spesielt kjekt med bilete med MS Kvinnherad, MS Eidfjord, MS Ullensvang/Ulvik, og ikkje minst MS Hardangerfjord i Beinavikjo tidleg på 1960-talet.

Dei som har bilete, kan senda til harald@setre.net eller ta kontakt med Sætre på andre måtar, t.d på mobil 907 59 186. Han lovar at fotografen/eigaren sjølv sagt blir kreditert med namnet for bilde som vert nytta. Dei vil i tillegg få eit eksemplar av boka som kjem ut på KapAbel forlag.



[På veg til Sandakaien.](#)

Tekst og nett: Thor Inge Døsland
Foto: Harald Sætre